

God lyd i nye korpskometar!

13.03.2019



Ivrige komande musikantar, (f.v.) Iver Hermann-Fossli, Thea M. Ulvenes, Kristoffer Enes, Nikolai Borgen Hermansen, Emilie Åsheim Ingebritsen og Ola Hermann-Fossli

**Det var god lyd i skulen tirsdag då Uskedal skulemusikk inviterte til prøveblås for komande aspirantar. Seks unge, lovande og forhåpentlegvis framtidige musikarar kom til samlinga, og alle saman fekk flott lyd i instrumenta. Skulle det vera einkvan som av ein eller annan grunn gjekk glipp av samlinga, har dei framleis mulighet til å verta aspirantar den komande sesongen.**

Prøveblåsinga føregjekk i øvingstida til korpset, og først fortalte dirigent Tor Skeie Olsen litt om korleis det er å spela i korps før dei komande musikarane fekk høyre korpset spela ein feiande flott marsj.

Etter det gjekk turen til skulekjøkkenet der dei 6 fekk prøva ulike korpsinstrument. Monica Hermann i korpsstyret fortalte at alle fekk skikkeleg flott lyd i instrumenta. Dei hadde også klart for seg kva som var favorittinstrumenta. To ville spela kornett medan dei 4 andre fordelte seg på althorn, baryton, tuba og trombone. Den gode fordelinga lovar godt for framtida i korpset.

Monica Hermann understrekar at dersom det er nokon som ikkje fekk med seg prøveblåsen, så er det slett ikkje for seint å bli med blant dei nye aspirantane. Aspirantopplæringa vil som tidlegare føregå gjennom kulturskulen, og søknadsfristen er ikkje før 15.april. Monica kan svara på spørsmål om dette, og ho kan også ordna med instrumentprøving. Det er berre å ta kontakt med ho (mobil 906 35 493). Ho blir garantert glad for alle som tar kontakt.

Vi nemner også at 24.mars kl.18 vil fleire av dei dyktige lærarane i kulturskulen halde konsert i Uskedal kyrkje. Den vil eg absolutt anbefala! Der vil den nye dyktige messinglearen i kulturskulen vera ein av aktørane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Monica Hermann